

RÅDSVEDTAK

av 20. juli 1998

om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling av terminalutstyr til analoge offentlege svitsja telefonnett (PSTN) (bortsett frå terminalutstyr til taletelefoni i grunngejevne tilfelle) som nyttar tonefrekvenssignalering (DTMF-signalering) ved eventuell nettadressering(*)

(98/482/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/13/EF av 12. februar 1998 om teleterminal- og satellittjordstasjonsutstyr, herunder gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtane:

Kommisjonen har klarlagt kva type terminalutstyr som ei felles teknisk forskrift bør omfatte, og har fastsett den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifta.

Dei tilsvarande harmoniserte standardane eller delar av dei som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter, bør vedtakast.

I løpet av det tjuande hundreåret har dei nasjonale offentlege telefonnetta utvikla seg jamt, og ettersom utviklinga har gått føre seg i ulike einskildnett, vil det vere viktige tekniske ulikskapar mellom netta i enno ei tid framover.

Det finst tekniske ulikskapar mellom dei offentlege svitsja telefonnetta (PSTN), og dei viktigaste av desse ulikskapane er det gjort greie for i dei tilrådingane som er offentleggjorde i rettleiing EG 201 121 til Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar (ETSI).

Bruken av desse tilrådingane er frivillig, og dei kan innehalde opplysningar som er nyttige for produsenten.

Dei melde organa skal difor sikre at produsentane er kjende med dei aktuelle tilrådingane som gjeld særskilde krav til visse nett.

I ein overgangsperiode bør det framleis vere mogleg å godkjenne terminalutstyr i samsvar med nasjonale forskrifter.

Produsentane bør leggje skriftleg informasjon ved alle produkt som er godkjende i samsvar med dette vedtaket. Produsentane bør gje ei fråsegn om nettkompatibilitet. Dei melde organa bør syte for at desse pliktene er kjende for produsentane. Når det vert gjeve godkjenning i samsvar med dette vedtaket, bør dei melde organa gje andre melde organ melding om fråsegnene om nettkompatibilitet.

Utstyr som fell inn under verkeområdet til dette vedtaket, og som er godkjent i samsvar med nasjonale forskrifter før overgangsperioden går ut, kan framleis marknadsførast på den nasjonale marknaden og takast i bruk.

Utvalet for godkjenning av teleterminalutstyr (ACTE-utvalet), som er oppnemnt i medhald av artikkel 28 i direktiv 98/13/EF, har ikkje gjeve noka fråsegn om den felles tekniske forskrifta som er fastsett i dette vedtaket. I samsvar med artikkel 29 nr. 3 i direktiv 98/13/EF har Kommisjonen difor gjort dette framlegget for Rådet om tiltaket som skal gjerast –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Dette vedtaket skal nyttast på terminalutstyr som er meint for tilkopling som einskildterminal med totrådstillknytning til ei analog linje på det offentlege svitsja telefonnettet (PSTN) ved nett-termineringspunktet, og som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling av det terminalutstyret for analoge offentlege svitsja telefonnett som er nemnt i nr. 1. Dette vedtaket omfattar ikkje krav som gjeld samtrafikk mellom terminalutstyr over det offentlege telenettet, slik det er fastlagt i artikkel 5 bokstav g) i direktiv 98/13/EF.

Artikkel 2

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiseringsorganet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 5 bokstav d) og f) i direktiv 98/13/EF så langt råd skal gjennomførast ved hjelp av. Tilvisinga til standarden er oppført i vedlegg I.

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 216 av 4.8.1998, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 111/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF L 74 av 12.3.1998, s. 1.

2. Terminalutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, og skal stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 5 bokstav a) og b) i direktiv 98/13/EF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF av 19. februar 1973 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektrisk utstyr bestemt til bruk innanfor visse spenningsgrenser⁽¹⁾ og rådsdirektiv 89/336/EØF av 3. mai 1989 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektromagnetisk kompatibilitet⁽²⁾.

Artikkel 3

1. Når det gjeld terminalutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei rutinane som er nemnde i artikkel 10 i direktiv 98/13/EF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1, eller syte for at han vert nytta.

2. Dei melde organa skal syte for:

- a) at produsentane eller andre som søker om godkjenning, er kjende med tilrådingane i ETSI-rettlegg EG 201 121, medrekna endringar av dei,
- b) at produsentane er kjende med at dei må leggje skriftleg informasjon i den forma som er oppført i vedlegg II, ved alle produkt som er godkjende i samsvar med dette vedtaket, og

c) at produsentane dessutan må gje fråsegner om nett-kompatibilitet i den forma som er oppført i vedlegg III.

3. Dei melde organa skal gje andre melde organ melding om fråsegnene om nett-kompatibilitet når det vert gjeve godkjenning i samsvar med dette vedtaket.

Artikkel 4

1. Utstyr som fell inn under verkeområdet til den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1, kan framleis godkjennast i samsvar med nasjonale forskrifter i 15 månader etter at dette vedtaket er gjort.

2. Terminalutstyr som er godkjent i samsvar med slike nasjonale forskrifter, kan framleis marknadsførast på den nasjonale marknaden og takast i bruk.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. juli 1998.

For Rådet

W. MOLTERER

Formann

⁽¹⁾ TEF L 77 av 26.3.1973, s. 29. Direktivet endra ved direktiv 93/68/EØF (TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 139 av 23.5.1989, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 93/68/EØF (TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1).

*VEDLEGG I***Tilvising til den gjeldande harmoniserte standarden**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

“Krav til tilkopling, med sikte på felleseuropeisk godkjenning, av terminalutstyr til analoge offentlege svitsja telefonnett (PSTN) (bortsett frå terminalutstyr til taletelefonti) som nyttar tonefrekvenssignalering (DTMF-signalering) ved eventuell nettadressering”

ETSI**Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar****ETSI-sekretariatet**

TBR 21: januar 1998

(utan forordet)

TILLEGGSPPLYSNINGAR

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar er godkjent i medhald av rådsdirektiv 83/189/EØF av 28. mars 1983 om en informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter⁽¹⁾.

Den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, er utarbeidd i medhald av eit mandat som er gjeve etter dei aktuelle framgangsmåtane i direktiv 83/189/EØF.

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Det europeiske standardiseringsinstituttet
for telekommunikasjonar
650, Route des Lucioles
F-06921 Sophia Antipolis Cedex
Frankrike

Europakommisjonen
DG XIII/A/2 – (BU 31, 1/7)
Rue de la Loi/Wetstraat 200
B-1049 Brussel

eller frå andre organisasjonar som har ansvaret for formidling av ETSI-standardar. Ei liste over desse organisasjonane er å finne på Internett under adressa www.ispo.cec.be.

⁽¹⁾ TEF L 109 av 26.4.1983, s. 8.

*VEDLEGG II***Teksta til den skriftlege informasjonen som produsentane skal leggje ved produkt som er godkjende i samsvar med dette vedtaket**

“Dette utstyret er godkjent i samsvar med rådsvedtak 98/482/EF for felleseuropeisk tilkopling av einskildterminalar til analoge offentlege svitsja telefonnett (PSTN). På grunn av ulikskapar mellom dei offentlege svitsja telefonnetta i ulike statar er denne godkjenninga likevel i seg sjølv ikkje ein vilkårslaus garanti for at utstyret verkar tilfredsstillande på alle nett-termineringspunkt på det offentlege svitsja telefonnettet.

Dersom det skulle oppstå problem, bør De først kontakte leverandøren av utstyret.”

NB: Produsenten bør syte for at forhandlaren og brukaren av utstyret får full kjennskap til opplysningane ovanfor på emballasjen og/eller i brukarhandboka eller i andre former for bruksrettleiing.

*VEDLEGG III***Fråsegn om nettkompatibilitet frå produsenten til det melde organet og forhandlaren**

Denne fråsegna skal syne kva nett utstyret er konstruert for å verke saman med, og alle melde nett som utstyret kan ha samtrafikkvanskar med.

Fråsegn om nettkompatibilitet frå produsenten til brukaren

Denne fråsegna skal syne kva nett utstyret er konstruert for å verke saman med, og alle melde nett som utstyret kan ha samtrafikkvanskar med. Produsenten skal òg leggje ved ei fråsegn der det går klart fram når nettkompatibiliteten er avhengig av brytarinnstillingar for maskin- og programvara. Fråsegna skal òg rå brukaren til å kontakte forhandlaren dersom brukaren ønskjer å nytte utstyret på eit anna nett.
